

Møteprotokoll

Kontaktutval for innvandrere og flyktingar



Møtedato: 10.02.2026

Tid: 17:30 – 19:00

Møtestad: Stord Rådhus

Møteleiar: Sara Brosvik

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti	Varamedlem for
Awa Rahimpour			
Simone Ziegler Strauss			
Anne Kristin Aaseth		H	
Leif Steinar Alvsvåg		KrF	Guro Betten
Sara Brosvik		KrF	

Merknad i møte

Forfall:

Guro Betten

V

Alaa Al Shaer

Stord, 12.2.2026

Referent Sara Brosvik

Saker til handsaming

Saknr	Tittel
-------	--------

GK 1/26 Godkjenning av innkalling
Godkjent

OS 1/26 Frivilligsentralen

Leiar for Stord Frivilligsentral Margunn Hamre Vassdal, deltek med informasjon om arbeid knytt til innvandrarar og flyktningar. Frivilligsentralen legg til rette for møteplassar mellom folk og organisasjonar og tilpasser tilboda etter behov og etterspurnad.

Ho har ansvar for koordinering av aktivitet i Leirvikstova og Hagerupshuset. Gjennomførte ut året 2025 samlingsplass for flyktningar som Frivilligsentralen og 5 organisasjonar samarbeida rundt, med Leirvikstova som lokasjon. Grunna god integrering er tilbodet avvikla. Tidspunktet og lokalet er framleis tilgjengeleg, for eige initiativ til samlingsplass. Det er også ønske om å samhandle med Norsk Folkehjelp om tilbod for familiar. Fredag formiddag vert det vekentleg gjennomført eit kvinnehelsetilbod i samarbeid med Nav.

Frivilligsentralen driftar også 2 BUA avdelingar, der ein av dei er sjølvbetjent. Språktreningskandidatar deltek på BUA, har også 2 elevar frå innføringsklassen med i faget *Innsats for andre* på matsserveringa på Leirvikstova 1 dag i veka. Flyktingetenesta bidreg med informasjon om både gruppetilbod og aktivitetar av Frivilligsentralen, samt Bua tilbodet. Vaksenopplæringa har også med seg grupper ned på Bua for å informere om tilbodet.

Tidligere vart det gjennomført aktivitetsdag på Kulturhuset x2 gongar i året. NFF hadde også tidligere sommeraktivitetar, 2 veker gjennom sommarferien og har pr. i dag pengar til formålet, men har ikkje lukkast med å rekruttere frivillige. Norsk folkehjelp har også organisert sommeraktivitetar for aktuell gruppe.

Internasjonal kulturklubb og fikselauget til Husflidlaget har delteke på arrangement for innvandrarar og flyktningar på Leirvikstova.

Språkcafe blir arrangert på biblioteket i samarbeid med Vaksenopplæringa og Internasjonal kultur klubb (IKK) annakvar veke.

Internasjonal kulturklubb blir også arrangert på Leirvikstova, samt café, temakveldar og aktivitetar, mellom anna på mottaket.

Det blir desse dagar jobba med ei Fritidserklæring, der Anne Lene Jordåen på vegne av Stord kommune samlar partar for signering og forankring.

Fritidskassen, som no er behovsprøvd, er også tilgjengeleg med midlar. Dette kan kommunen søkje om frå Bufdir kvart 3 år.

Margun deler facebook sida til Kontaktutvalet på Frivilligsentralen sine sider.

RS 3/26 Ny rollefordeling i KIF.
Leiar Sara Brosvik

Nestleiar Anne Kristin Aaseth

Referent Awa Rahimpour

KIF ventar på nytt fast medlem som skal veljast i BUT, då Guro

Betten har søkt om fritak frå sine verv.

RS 4/26 Mulighet for å arrangere ein konferanse

Kontaktutvalet jobbar vidare med planar om ein mulig konferanse hausten 2026, med tema kring korleis det er å vera flyktning og innvandrar i Sunnhordland i 2026.

Det har vore dialog med flyktningekontoret i både Stord og nabokommune.

3 stk frå Kontaktutvalet blir valgt inn i ei arbeidsgruppe som utarbeidar forslag til rammer og forsøker gjennomført møte med flyktingetenesta i mars.